Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Transport av höy

Oppskr. av: T. A. Steinsland

(adresse): Laudal pr. Mandal

Fylke: Vest-Agder

Herad: Laudal

Bygdelag: "

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. På mindre gardar og h.-plassar brukar ein meir fjåslått avdi bruket ikkje har hest, men det blir meir og meir vanleg å nytta maskin, dersom bruke er slett nok for maskin. Hestelaus man leiger hest og maskin ellers og byter arbeid med grannar som har. På små bruk bar ein föi inn höyet eller drog det på kjerre. Enna brukast dette mykje på hestelause bruk; men nå går fleire over til hesteleiging eller arb. byte.
Enna slar ein i utmarka, serleg på små bruk. Men utmarkslåtten har minka nokså mykje dei siste 20 åra. På hestelause bruk drog ein föi höyet heim på vinterföre. Ennå brukast dette av og til på h.lause bruk.
2. På utslåtter ber ein oftast höyet på tog [bera] fram til stakken eller löa. Börsvolk, bendil og slikt brukast ikkje her. Söybörda ber ein slik at ein har toget over oksla. Har ein hjelpar til å reisa seg, står denne bak, tek så tak i börda og lyftar.
Borna er med i höyinga, også på utslått, utan så vegen er alt for lang.
Sek eller bretting til å trilla högbärler i nyttast ikkje her.

754

Løypestreng nyttast ikkje her.

3. Høy frå utslåtter blir heimköyrd på vinterföre.

4) Til höyköyring brukast nå på slette gardar firehjuls vogn med grind (tram) på og med svingbare framhjul. Ein nyttar og tohjula vogn (langkjerra) og på utslåtter og einskilde steinute garder brukar ein av og til slede på sumarföre. For 20-30 år sidan var dette mykje meir vanleg. På sumarföre må sleden ha berre tremeiar, ikkje skodning, den går så gruelig tungt. På vinter-före nyttar ein slede med skodning under meiane. Hjulslede er ukjent her, og delt slede blir aldri nytta om köyre-greier med hjul. Köyrereglar for hjul-skodd og uskodd slede kjer eg ikkje.

Til höy og korn nyttar ein same vogn eller slede. Vogn med grind kallast höytram.



Höytram



Sledetram




a

Ein lasmann (lita smal bordgrind til å leggja midt på höylasset

b



gamaldags slede lasmann. Sjölvgrodd lasmann til å leggja midt på lasset.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ein skrapar saman alt höyet og har det på lasset. Det toget ein fester höy-lasset med kallast kneppelog. Å festa toget hardt kring lasset er å kneppa. Kneppelog er gjerne tjukkare enn byrdelog. Tidlegare nytta ein av og til heimelaga tog av lindebast. 8. Hegda er lik på kneppelog og byrdelog.

5. Fellesslått er det ikkje her. Men bönder som har utslått nær kvarandre köyrer av og til samstundes. Men faste reglar er det ikkje.

For vogn og slede nyttast berre ein hest.

Her i Landal har det helst vore löer på utslåttene. Stakkar har vore lite nytta. Men etter gamalt skulle det gjerne vera eit visst höve millom stakk og höylass. Stakk på 2 vinterlass for mann blei ofte nytta. Stakk for hestvinterlass kunne og nyttast.

Beste föret for vinterköyring er på islagde vatn og så skaresnö (hard frosen snö). I dialekten her „kjåen". Tidlegare bruka ein ofte trug, både til mann og hest når ikkje snöen bar. Nå går dette meir av bruk her.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

754